

## Folkemusikkprisen 2026 – Sogn og Fjordane folkemusikklag

Årets mottakar av folkemusikkprisen frå Sogn og Fjordane folkemusikklag er meisterspelemann, Spellemannprisvinnar, kunstnar, kulturformidlar og læremeistar, og har sett djupe spor i folkemusikkmiljøet både i Noreg og utlandet gjennom fleire tiår. Mottakaren har frå tidleg alder utmerka seg med sitt glitrande spel, og har vore med på å løfta fram det store mangfaldet av tradisjonsmusikk og tidlegare spelemenn, særskilt frå Sogn. Kunnskapen og arbeidet med dette tradisjonsmaterialet er i særklasse.

Frå ung alder har prisvinnar vore aktiv i samarbeid med folkemusikarar og andre kunstnarar, og har hatt ein formidabel frilanskarriere. Turnéar i inn- og utland, fast medlem i ulike grupper, festivalar, studio-innspelningar, Spellemannprisen, vinnar av Landskappleiken, berre for å nemna noko.

Særleg har slåttespel og spelemenn- og kvinner frå Årdal og Lærdal fått stor merksemd. Smeltingelen «Lærdalsmarknaden» er ei utømmeleg kjelde med fargar frå fleire tradisjonar, noko som triggjar musikarøyret. Mottakar har gjort fleire innspelningar med dette materialet. Hardingfelespelet let seg integrera i samspel med andre instrument og sjantrar. Prisvinnaren har ein eigen evne til å ta vare på hardingfela sin identitet i møte og samarbeid med andre instrument og sjantrar. Arven etter kjende spelemenn frå gammalt vert etter nitidig innøving løfta fram, fint innpakka med gode historier og ypparleg spel – til stor glede for publikum.

Mottakar gir seg aldri og ynskjer stadig å bli betre og tileigna seg meir kunnskap. Formidlinga av denne kunnskapen til neste generasjon er også ein viktig del av mottakar sitt virke, både som kurshaldar, tidlegare distriktsmusikar i Sogn, og førsteamanuensis ved Norges musikkhøgskole i Oslo.

Med alt dette vi no har nemnd er det vel berre å konkludera med at mottakar er prisen høgst verdig. Gratulerer så mykje til Håkon Høgemo!